

-----Opprinnelig melding-----

Fra: postmottak@kud.dep.no [mailto:postmottak@kud.dep.no]

Sendt: 17. august 2014 10:01

Til: Postmottak KUD

Emne: Kontaktskjema

Tema: Høring om endring i Stadnamnlova

Avsende_navn: Hadeland Dialekt og Mållag

Epost: reidun@hebb.no

Telefon: 92298745

Virksomhet: Dialekt og mållag

Postadresse: v/leiar Reidun R. Sørensen, Haugsbakkliia 12, 2770 Jaren

Melding: Styret handsama framlegget om endring i stadnamnlova i styremøtet 13.08.2014 og gjorde vedtak om å sende følgjande tilbakemelding i høyringsrunden:

Hadeland Dialekt og Mållag meiner at det offentlege framleis skal ha det avgjerande ordet i vedtak om endring av stadnamn. Hadeland Dialekt og Mållag vil at stadnamnlova framleis skal legge større vekt på kulturminneomsynet enn på grunneigarens syn, dersom grunneigarens synspunkt synest å vere i strid med vernet av stadnamn som kulturminne.

Men det er likevel eit dilemma at godt innarbeidde lokale stadnamn ikkje er godkjende som offisielle stadnamn. Til dømes har vi i Gran kommune følgjande døme:

- 1) Gardsnamn som på vår lokale dialekt heiter Lynne men skrivast «Lunde».
- 2) «Mørtvett» uttalast garden på hadelandsdialekt men skrivast «Maurtveit» offisielt.
- 3) Ein gard heiter Drøvdal, men på kartet har garden namnet «Draudal».

Det er difor ikkje sikkert at opphavet til stadnamnet er det same som det offisielle stadnamnet kan tyde på. Dermed kan noko av kulturhistoria knytt til namnet gå tapt. Sjølv om vi vil at Statens kartverk skal ha det siste ordet, må kartverket kunne revurdere den offisielle skrivemåten dersom det er gode grunnar for det.